



Arkivnr: 2014/1512-10

Saksbehandlar: Hans-Christian Engum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		22.01.2015
Samferdselsutvalet		21.01.2015
Opplærings- og helseutvalet		20.01.2015
Fylkesutvalet		29.01.2015

Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - vedtak om høyring

Samandrag

I samsvar med planprogrammet er det utarbeidd høyringsforslag til regional plan for Areal- og transport på Haugalandet. Planen skal erstatta gjeldande fylkesdelplan for areal- og transport for Haugalandet frå 2004, i tillegg til deler av Regional plan for attraktive senter i Hordaland for kommunane Etne og Sveio. Fylkesutvalet skal no gjera vedtak om at høyringsforslag vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vert tilrådd høyring i perioden 1.februar til 20.mars 2015. Det blir invitert til eit ope informasjonsmøte 4. februar med presentasjon av høyringsforslaget.

Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 8-2 og inneholder planskildring med mål og strategiar, retningslinjer, føresegner og handlingsprogram. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen. Planen inneholder føresegner for handel som gjer at planen erstattar *Regional plan for attraktive senter* for kommunane Etne og Sveio.

Planarbeidet har vore leia av ei politisk samansett styringsgruppe med fylkesordførar i Rogaland som leiar og med representasjon frå fylkesutvalet i Hordaland og ordførarane i kommunane. Ei administrativ arbeidsgruppe har gitt innspel til planen. Kommunane har vore godt representert i begge gruppene. Det har vore ei rekke opne medverknadsarrangement med god deltaking.

Styringsgruppa har i møte 5.1.2015 stilt seg bak det høyringsforslaget som no føreligg.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.01.2015

Bakgrunn

Regional plan for areal- og transport på Haugalandet er ei revisjon av gjeldande «Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet» som vart vedteken av Fylkestinga i Hordaland og Rogaland i 2004. Planen vil når den er vedteken erstatte delar av «Regional plan for attraktive senter i Hordaland». Planen omfattar to kommunar i Hordaland, Sveio og Etne, i tillegg til kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira, Bokn, Vindafjord og Sauda i Rogaland.

Planprogram for planen og oppstart vart vedteken av Fylkesutvalet i Hordaland 27.10.2010.

Hordaland fylkeskommune har hatt representantar både i den politiske styringsgruppa og den administrative prosjektgruppa.

Fylkesutvalet skal no gjere vedtak om å leggje den regionale planen ut til høyring, etter tilråding frå Kultur- og ressursutvalet, Samferdselsutvalet og Opplærings- og helseutvalet. Det vert tilrådd høyring i perioden 1.februar til 20.mars 2015. Det blir invitert til eit ope informasjonsmøte 4. februar med presentasjon av høyringsforslaget.

Etter framdriftsplanen skal planen bli vedteken av Fylkestinga i juni.

Rammer og verknad

Regional plan for areal- og transport på Haugalandet er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Den skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen (§ 8-2).

Planen er delvis overlappende med Regional plan for attraktive senter i Hordaland, og vil erstatte denne på einskilde tema. Formelt vil det vere slik at den sist vedtekne plan vil gjelde der kor planane er tematisk samanfallande og i strid med kvarandre.

Retningslinjer

Planen inneholder retningslinjer for arealbruk innanfor ulike tema. Retningslinene er eit verkemiddel for å oppfylla måla i planen. Retningslinjer for arealbruk er vil vera innspel til kommunal arealplanlegging. Retningslinene er grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ, men må sjåast i ein heilskap med ulike interesser i den konkrete planen. Berre når nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser er råka kan motsegn grunngjenvært.

Føresegner

Planen inneholder føresegn for areal under Kapittel 4 Handel og kjøpesenter. Føresegner er juridisk bindande for kommunane og for private utbyggjarar. Tiltak kan ikkje gjennomførast i strid med føresegndene. Føresegndene beskriv korleis saker som gjeld nytt handelsareal skal handterast når det gjeld omfang, lokalisering og bruk av handelsanalysar. Føresegndene gjeld for 10 år frå vedtaksdato. Ved vedtak av planen med føresegner erstattar desse føresegndene i *Regional plan for attraktive senter* for kommunane Etne og Sveio.

Etter vedtak av føresegner i regional plan skal desse kunngjera i Norsk Lovtidend, og gjerast kjend for departement, fylkesmann, aktuelle kommunar og statlege myndigheter.

Om forholdet til Regional plan for attraktive senter

Når *Regional plan for areal- og transport på Haugalandet* blir vedteken vil den erstatte deler av *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*. Dei to planane har ulik geografisk avgrensing og Hauglandsplanen kan leggje større vekt på lokale forhold enn det ein fylkesdekkande plan kan gjere. Dei to planane har noko ulike føresegner for handel, men det er ikkje noko formelt i vegen for å ha ulike føresegn i ulike planar og ulike regionar dersom lokale vurderingar tilseier at dette er hensiktsmessig.

Føresegna i «Regional plan for attraktive senter» heiter at «*nytt bruksareal for detaljhandel på meir enn 3000m² kan berre tillatast i senter og innanfor sentrumsutstrekninga definert i regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan/reguleringsplan vedteken etter 10.12.14*».

Regional plan for areal og transport på Haugalandet har ei føresegn som lyder «*Nyetablering eller utvidelse av eksisterende handelsvirksomhet er bare tillatt i områder avsatt til sentrumsformål, slik disse er lokalisert, dimensionert og avgrenset i gjeldende kommuneplans arealdel eller kommunedelplan*». Det er gitt unntak for nærbutikk og nærservice med ein arealbegrensning på inntil 1000 m² BRA til handel og inntil 500 m² BRA til andre publikumsretta verksemder.

Strukturen av handelsetableringar er ulik frå region til region og mellom regionar. Haugalandet er ikkje ein veldig stor region, og mange handelsetableringar er relativt små eller middels store. Blant handelsetableringar som har kome på Haugalandet etter 2004, kan det sjå ut til at nærmare to tredjedelar er under 3.000 m². Framtidig auke i netthandel og arealeffektivisering gjør at fleire etableringar bør kunne bli etablert innanfor eit slikt areal.

Handlingsprogram

Det er utarbeida eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtakast av regional planmyndighet og rullerast årleg med ein hovudrevisjon kvart 4. år. Handlingsprogrammet er gitt i kapittel 5 i planen.

Organisering av planarbeidet

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe med følgjande representasjon:

- Fylkesordførar i Rogaland, leiar
- Fylkesvaraordførar, nestleiar
- 3 gruppeleiarar i Fylkestinget i Rogaland
- Politisk representant oppnemnt av Fylkesutvalet i Hordaland (Anita Garlid Johannessen)
- Ordførar i Haugesund kommune
- Ordførar i Karmøy kommune
- Ordførar i Tysvær kommune
- Ordførar i Utsira kommune
- Ordførar i Bokn kommune
- Ordførar i Vindafjord kommune
- Ordførar i Sauda kommune
- Ordførar i Etne kommune (Hordaland)
- Ordførar i Sveio kommune (Hordaland)

Ei administrativ prosjektgruppe har kome med innspel i prosessen, denne har hatt følgjande representasjon:

- Plansjef i Rogaland fylkeskommune, leiar
- Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Rogaland
- Haugesund kommune
- Karmøy kommune
- Tysvær kommune
- Utsira kommune
- Bokn kommune
- Vindafjord kommune
- Sauda kommune
- Etne kommune (Hordaland)
- Sveio kommune (Hordaland)

Rogaland fylkeskommune har vore sekretariat for arbeidet.

Innanfor temaa landbruk, senterstruktur og distriktskommunar har det i deler av arbeidet vært egne arbeidsgrupper.

Prosess og medverknad

Første del av planprosessen var ei utgreiings- og analysefase som ble samanfatta i eit samla kunnskapsgrunnlag. Dette blei sendt på ei uformell høyring til kommunane. På eit ope verksted ga representantar for kommunane, næringsliv og andre organisasjonar innspel til kva som er de viktigaste utfordringane i regionen, og kva ein ønska å oppnå med regional plan. Dette ga grunnlag for formulering av behov og mål i planen.

Tre alternative hovudstrategiar («konsept») ble utarbeida og samanlikna for å synleggjere alternative utviklingsretningar for regionen. Val av hovudstrategi ble sendt på uformell høyring til kommunane vinteren 2014, og på bakgrunn av fråsegnene konkluderte styringsgruppa med å legge hovudstrategien «By og tettsted» til grunn for planen.

Arbeidet med planforslaget har vore leia av ein politisk styringsgruppe med fylkestingspolitikarar frå Rogaland og Hordaland og ordførarane i alle kommunane. Den administrative prosjektgruppe har forberedt underlaget for styringsgruppa.

På dei siste møta i styringsgruppa har det blitt lagt fram forslag til plandokument og retningsliner. I hovudtrekk har gruppa gitt si tilslutning til dei grepa som planen trekk opp. Styringsgruppa har likevel vært einige om at planforslaget har kome langt nok til at det kan leggast ut til høyring, og at dei innvendingane som fortsatt måtte kome, kan handterast gjennom høyringa. Styringsgruppa konkluderte derfor på møtet 5. januar med at «*Styringsgruppa sender forslag til plan med retningslinjer vidare til fylkesutvalet for offentleg høyring.*»

Innhald i planen

Styringsgruppa har i møte 5.1.2015 stilt seg bak det høyringsforslaget som no føreligg.

Planen inneheld 5 kapittel:

- Kapittel 1 - Samandrag
- Kapittel 2 - Kva er «Regional plan for areal- og transport på Haugalandet»
- Kapittel 3 - Utviklingstrekk og utfordringar
- Kapittel 4 - Mål, strategiar og verkemiddel
- Kapittel 5 - Gjennomføring av planen (Handlingsprogram)

Kapittel 4 skildrar planens mål, strategiar og verkemiddel og er delt inn i sju tema/delkapittel:

1. Regional samhandling: Samordning og posisjonering.
2. By-, tettsteds- og grendesentre: Sentrumsutvikling, funksjonslokalisering og handel.
3. Boligbygging: Korte avstander og gode bomiljø.
4. Næringsbygging: Rett virksamhet på rett sted.
5. Samferdsel: Tilgjengelighet, trafiksikkerhet og miljø.
6. Landbruksområder: Sikre arealgrunnlag for langsiktig drift.
7. Regional grønnstruktur: Arealverdier, friluftsliv og folkehelse.

For kvart delkapittel er det skilda:

- Måla for det enkelte tema i planen.
- Strategiar for realisering av måla.
- Verkemiddel for oppfølging av strategiane, inkludert *Retningslinjer og kart*
- Handlingsprogram

For ein del tema er det utarbeida generelle retningsliner som gjeld for heile regionen, og meir konkrete retningsliner for dei bynære områda, der samordningsbehovet er størst. Differensiering av påfølgande planlegging på samferdselssektoren, er omtalt i samferdselskapitlet.

Strategiar i planen

Regional plan for areal og transport på Haugalandet» bygger på hovudstrategien «By og tettsted» fra konseptanalysen. Planen legg til rette for ein utvikling som bygger opp om by-, tettstads- og grendesentre i alle deler av regionen, slik at sentera i størst mulig grad kan:

- Gi rom for vekst og utbygging av bustader, næringsverksemder og offentlege funksjonar.
- Dekke daglige behov, skape møteplasser og styrke lokal identitet.
- Gi korte avstandar til handel, service, arbeidsplasser og andre funksjoner.
- Leggje til rette for å gå og sykle, eller ta bussen der det er mulig.

«By og tettsted» inneber samtidig at kommunane ikkje skal vidareføre en ekstensiv og bilbasert arealutvikling, der hovudvegane er strukturerande for utbygginga.

Hovudstrategiane i planen er felles for hele regionen:

- Planen legg til rette for eit fastare samarbeid om areal- og transportutviklinga, posisjonering for statlege midlar, og for en effektiv bruk av offentlege ressursar.
- Planen skal bidra til å styrke by-, tettsteds- og grendesentera i hele regionen, slik at dei blir meir attraktive for etableringar og kan utvikle et godt servicetilbod for sine omland.
- Planen prioritærer ny bustadbygging som bygger opp om små og store sentre. Det leggast opp til gradvis å bygge ut bustadområde som ligg lenger unna.
- Lokalisersstrategiane legg til rette for at næringsverksemder etablerer seg i område som passer med areal- og transportbehova deira for å oppnå god arealutnytting og tilgjenge, og redusere transportbehova.
- I tettstadene har det høy prioritet å utvikle samanhengande infrastruktur med høg kvalitet for gange og sykling.
- Høgare arealtettleik i byområdet gir mogelegheit for meir effektiv bybuss i Haugesund og fastlands-Karmøy. I pendlingsaksane ut til dei største tettstadssentera i Tysvær og Karmøy blir det etablert forstadsruter som blir dimensjonert etter passasjergrunnlaget, og regionale ruter til Ølen, Etne, Sauda og Sveio.
- Hovudvegnettet blir utbetra og utvikla innanfor rammene av nasjonale og regionale transportplaner og eventuelle transportpakker – med fokus på tilgjenge, trafikksikkerheit, miljø og universell utforming.
- Planen vidarefører sentrale landbruksområder som «kjerneområde landbruk», der omsynet til langsiktig landbruksproduksjon blir vektlagt sterkt i arealforvaltninga.
- Planen legger opp til at kommunane i sine planer tek vare på grønstrukturen, gir den ei tydeleg avgrensing mot utbygga område, og sikrar at bustadområda har god tilgang til områder for variert bruk.

Noen strategiar er konkretisert meir for dei bynære områda, sidan veksten der er større og mogelegheitene for konsentrert utbygging og miljøvennlig transport er høgare.

Nye element i forhold til gjeldande fylkesdelplan:

Tema i planen	Endringar
Attraktive by-, tettsteds- og grendesentre	Ny senterstruktur med ny inndeling. Ein del mindre sentre sidestilles som grendesentre og knutepunkt i bystrukturen. Norheim/Oasen får status som områdesenter (var ikkje senter tidlegare).
Bustadbygging	Prinsipp for prioritering av bustadbygginga bli tydelegare. Kommunane skal sjølv detaljere prioritering og rekkjefølgje i utbygginga gjennom kommuneplanane.
	I ytre deler av regionen er det gjort en prioritering av ledige bustadarealer prioritert, og det er laget ein koordinert utbyggingsrekkefølgje omkring kvar tettstad.
	Krav til tettleik i bustadbygginga er auka noko, og mest i dei største tettstadene.
	Krav til bukvalitet, minste felles uteoppholdsareal og differensiert

	bustadstruktur.
«Rett verksemd på rett stad»:	Det er tydeliggjort prinsipp for lokalisering av næringsverksemd i tråd med «ABC-prinsippet». Kommunane skal sjølve detaljere lokalisering gjennom kommuneplanene.
	I ytre deler av regionen er næringsareal kategorisert, og med tilhøyrande retningsliner for lokalisering av type verksemd og arealutnytting.
Samferdsel:	Økt prioritering av infrastruktur for gange og sykling på korte reiser innanfor tettstadene.
	Utvikling av konkurransedyktig bybussnett innanfor byområdet, og <u>forstadsruter og regionale ruter til andre større senter i regionen.</u>
	Parkeringspolitikk som støtter opp under by- og tettstadsutviklinga, og ein meir restriktiv parkeringspolitikk i byområdet – i tråd med lokalisingsstrategi for næringsverksemd, byutvikling og miljøvenleg transport.
Landbruk	Det blir innført felles retningsliner for forvaltning av LNF-område, utbygging i LNF-område og bruk av driftsbygningar.
	Kjerneområder for landbruk er justert i tråd med nye, godkjente utbyggingsområder.
Regional grønstruktur:	Rekkjefølgjekrav for tilgang frå bustadområde til grønstruktur, og elles mindre endringar i retningslinene.
Handlingsprogram:	Foreslått etablering av regionalt samarbeid for oppfølging av planen. Etablert kriterier for evaluering av om måla i planen kan bli nådd.
Anna:	Retningsliner for energibruk blir tatt ut av planen.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen tilrar at styringsgruppa sitt forslag til *Regional plan for areal- og transport på Hauglandet* vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 1. februar til 20. mars 2015.

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Plandokumentet presenterer dei aktuelle utfordringar og vurderingar på ein god måte. Planen er i samsvar med krav i plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan.